

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/98 - 1 / RL / 042

Dato:
24.02.2016

Att: Rådmann

Tilskot til oppretting av prosjektstilling i samband med kommunereforma

Vi syner tilbakemeldingar frå eigarmøtenene for IKA-Hordaland IKS som har vore gjennomført i dei ulike regionråda i Hordaland siste året¹. Arbeida med kommunesamanslåingane er komme godt i gang, men ei undersøking på landsbasis viser at få kommuner (kun 9%) har starta opp arbeidet med å planlegge håndteringa av sine arkiv ved ei eventuell kommunesamanslåing².

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, har som mål, at Hordalandskommunane skal være godt førebudd når det gjeld det å tenkje arkiv i samanslåingsprosessar. Det føreset at vi startar planlegginga av arbeidet tidlig. Samtlige av eigarkommunane har store utfordringar og etterslep i arkivarbeidet. Både egne undersøkingar og eksterne kartleggingar, tyder på at vi snakkar om store kostnader for å komme ajour. Dei føreståande kommunesamanslåingane gjer at arbeidet og rekninga forfell no.

Oppretting av ei prosjektstilling

Tilbakemeldingane frå eigarmøta i regionråda, samt den årlege kontaktkonferansen er klår. Eigarane ynskjer at IKA-Hordaland IKS tek grep, og avhjelper eigarane med arkiva fram mot den føreståande reforma. Eigarane ynskjer eit tydelig IKA med klare retningslinjer og engasjement. Det er og tydeleg for oss og eigarane våre at kommunane sine behov i tida framover er så store at vi ikkje har ressursar til å klare dette innanfor rammene av eigartilskotet.

For å kunne møte utfordringane på best mogleig måte føreslår vi difor i kraft av selskapsavtalen § 4 -4 oppretter ein prosjektstilling på inntil 3 år med oppstart frå våren 2016.

¹ Hardangerrådet, Nordhordlandsrådet, Regionråd Vest, (Regionrådet for Sunnhordaland er under planlegging)

² Undersøkinga føreteken av Riksarkivet syner at ingen av Hordalandskommunane har konkrete planar for kva som skal skje med arkiva og elektroniske fagsystemer m.m. ved ei eventuell kommunesamanslåing.

Med ei øyremerkra stilling til arbeid med kommunereforma, vil vi i langt større grad kunne vere til stades ute i kvar eigarkommune å følgje opp arbeidet samt få oversikt over og ta tak i kva tiltak som må gjennomførast. Stillingen vil og gje oss ein betre muligheit til å gje opplæring samt fungere som eit bindeledd mellom sentrale myndigheiter, som arkivverket, og den enkelte kommune.

Finansiering

I samband med kommunereforma vert det, som kjent, gjeve økonomisk støtte frå staten. Støtta skal brukast til omstillingsarbeidet, og vert gjeve i form av eingongsstønad (som vert utbetalt av KMD 01.06.2016 i samband med avtaleinngåing). Arkivarbeidet er og ein del av dette omstillingsarbeidet, og myndigheitene har gjort det tydelig klart at dette må prioriterast.

Sidan prosjektstillinga er tenkt som ei tilleggsteneste frå IKA-Hordaland IKS, må den finansierast av dei eigarkommunane som vel å nytte seg av tilbodet. Talet på deltakarkommunar vil avgjere kva dette vil koste. Så langt tilseier foreløpige tal at, om alle kommunane vel å delta, vil dette utgjere ei årleg kostnad på om lag 35 000-40 000,- pr. kommune.

Om tilstrekkelig antal kommuner ynskjer dette tilbodet velkommen, kan det og søkjast om eksterne midler frå mellom anna, Fylkesmannen, Arkivverket, KS og eller andre. Her må imidlertid kommunane og eller dei regionale råda sjølve ta på seg rolla som søkjar, då vi IKS ikkje kan søkje om midler åleine. Søknadsfristane for årets søknader er imidlertid i byrjinga av mars, så det hastar å få på plass søknader. Vi er behjelpeleg og står gjerne som ekstern samarbeidspart dersom regionsamarbeida og eller kommunane ynskjer dette.

Mål for prosjektet / prosjektstillinga

Som både Kulturdepartementet og Kommunaldepartementet allereie har stadfesta, skal alt av arkiver og systemer avsluttast ved ei kommunesamanslåing. Anbod på nye fagsystem og arkivsystem må vere avklara i god tid før oppstart. Rutiner og planar må vere på plass.

Målet for prosjektet er at samtlege av deltakarane skal ha ein oversikt samt ein plan for korleis komme ajour med handteringa av dokumentforvaltninga i samband med ei kommunesamanslåing. Arbeidet skal og berede grunnen for at den nye kommunen har ein strategisk plan for dokumentforvaltninga si og at denne i større grad kviler på digitale prosesser og bruk av elektroniske arkiv. Prosjektet skal levere ein rapport med anbefalingar som kan leggjast fram for dei ulike fellesnemdene i dei nye kommunesamarbeida.

Vi treng vite om det er interessant for dykkar kommune å gå vidare med dette. Vi vil på bakgrunn av svara dykkar utrede behovet kommunane har, for å kunne gje eit meir detaljert kostnadsoverslag og innhald i tenesta. Dette kan i så fall presenterast i ei sak til representantskapen på representantskapsmøte onsdag den 27. april d.å. og forankrast i budsjett og handlingsplan. Vi stiller og gjerne i dei ulike regionsamarbeida for å orientere om planane.

Om dette er interessant for din kommune, gjer vel å gje ei tilbakemelding snarast råd og seinast innan 10.mars 2016. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:

Regionrådet i Nordhordaland IKS	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Samarbeidsrådet-Sunnhordaland	Postboks 444	5403	STORD
Regionrådetvest	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Hardangerrådet	Pb 78	5782	KINSARVIK